

# Vestlandsrådet

01.11.18 kl. 14:30-19:00  
Park Inn by Radisson, Gardermoen

## Program

Kl. 14.30 Oppmøte, kaffe/te, mat

**Kl. 15.00 Opning**

v/leiar Jon Aasen, Møre og Romsdal fylkeskommune

**Kl. 15.10 Tema: Regionreformen**

Innleiing v/:

- Ole Helge Haugen, Fylkesplansjef i Møre og Romsdal fylkeskommune

Spørsmål, diskusjon og vedtak:

**VR-sak 29/2018      Regionreformen (blir ettersendt)**

**VR-sak 30/2018      Vestlandsrådet og framtida**

**Kl. 16.00 Tema: Cruise, cruisetrafikk og reiseliv**

Innleiingar v/:

- Hans Jakob Walnum, Prosjektleiar, Sustainable cruises
- Petter Dybedal, forfattar av TØI-rapport 1651/2018 om Cruisetrafikk til norske havner
- Erling Oppheim, dagleg leiar, Nærøyfjorden Verdsarvpark

Spørsmål, diskusjon og vedtak:

**VR-sak 31/2018      Handlingsplan for cruisestrategi**

**VR-sak 32/2018      Travel like the locals**

Kl. 17.00 Pause

**Kl. 17.15      Tema: Marin forsøpling**

Diskusjon og vedtak

**VR-sak 33/2018 Arbeidet mot marin forsøpling**

**Kl. 17. 45      Tema: Internasjonale saker**

Diskusjon og vedtak:

**VR-sak 34/2018      Brexit og moglege konsekvensar for Vestlandet**

**VR-sak 35/2018      Orientering om NORA**

**VR-sak 36/2018      Rapport frå faste utval – internasjonalt arbeid**

**Kl. 18.15      Tema: Statsbudsjettet 2019**

Diskusjon og vedtak

**VR-sak 37/2018      Uttale om Statsbudsjettet for 2019 (blir ettersendt)**

**Kl. 18.45      Møteplanar for 2019**

**VR-sak 38/2018      Møteplanar for Vestlandsrådet og Arbeidsutvalet**

**Eventuelt og avslutning**

**VR-sak 39/2018      Eventuelt**

# Vestlandsrådet

## Sakliste

- VR-sak 29/2018 Regionreformen
- VR-sak 30/2018 Vestlandsrådet og framtida
- VR-sak 31/2018 Handlingsplan for cruisestrategi
- VR-sak 32/2018 Travel like the locals
- VR-sak 33/2018 Arbeidet mot marin forøpling
- VR-sak 34/2018 Brexit og moglege konsekvensar for Vestlandet
- VR-sak 35/2018 Orientering om NORA
- VR-sak 36/2018 Rapport frå faste utval – internasjonalt arbeid
- VR-sak 37/2018 Uttale om Statsbudsjettet for 2019
- VR-sak 38/2018 Møteplanar for Vestlandsrådet og Arbeidsutvalet
- VR-sak 39/2018 Eventuelt

# Vestlandsrådet

**VR-sak 29/2018: Regionreformen (blir utsendt seinare)**

## **VR-sak 30/2018: Vestlandsrådet og framtida**

I Arbeidsutvalets møte 25. januar 2018 vart det bede om at det til Vestlandsrådets møte 8. juni 2018 vart lagt fram ei sak «om framtidig samarbeid i Vestlandsrådet, mellom anna sett i lys av regionreforma». Det låg i dette forslaget at ein skulle vurdere

- kva det vil vere fornuftig å samarbeide om i dei nærast åra
- at ein utviklar ein politikk eller agenda som utfordrar oss i vestlandsregionen
- at ein ser utfordringane i relasjon til nasjonal politikk

Saka vart lagt fram for Vestlandsrådet i møte 8. juni 2018 (sak 4/2018), og følgande er protokollert frå drøftingane i møtet:

### Innstilling:

- 1 Vestlandsrådet tek notatet «Vestlandsrådet og framtida» til vitande.
- 2 Vestlandsrådet har følgande kommentarar/endringsforslag/signal som skal takast omsyn til i den vidare prosessen:
  -
- 3 Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram sak om «Vestlandsrådet og framtida» til rådets møte 1. november 2018.

### Vestlandsrådets behandling:

Saka vart drøfta, og oppsummeres i følgande punkt:

### Om saksfelt/interessefelt for Vestlandsrådet:

- Det er eit gunstig tidspunkt å drøfte framtida for Vestlandsrådet (VR) på no, i forkant av endringar som følgje av regionreformen
- VR har vore eit nyttig organ for fylkeskommunane; det er store felles utfordringar. Difor vil ein også ha bruk for VR i framtida
- Det er behov for å «stramme opp» rådet – det er ein fare for at ein kan engasjere seg i for mykje
- Viktig å fokusere på veg, tunnelar, rassikring, ferjer, reiseliv og ikkje minst: finansiering av drifts- og investeringskostnadane (dvs. rammevilkåra)
- Sette fokus på saker og saksområde som vi krev gjennomslag for hjå sentrale styresmakter

### Om Vestlandsrådet som organ/organisasjon:

- Må gjennomgå representasjonen i VR, utgreie aktuelle ulike/alternative organisasjonsmodellar
- Vurdere innflytelse, makt og økonomi, når ein no skal gå frå 4 fylkeskommunar til 3 regionar
- Skal vere likeverdige partar

- *Må evaluere og eventuelt stramme opp samarbeidsplattformen og andre styringsdokument*
- *Navnedebatten er ferdig*
- *Prøve å lage ein god og «ny» start*
- *VR må ikkje bli for intovert og for opptatt av seg sjølv*
- *Økonomiske bidrag inn: etter innbyggartal? Ein fast andel i botnen og resten etter folketal? Dagens totaløkonomi i rådet truleg passe stor*
- *VR skal vere eit påverknadsorgn når ein møter motstand «frå andre sida av fjella»*
- *Vere eit tydeleg talerøyr*

**Vestlandsrådets vedtak:**

*Samrøystes som innstillinga. Hovedtrekka frå drøftingane skal følgje saka og utviklast i den vidare saksprosessen.*

Arbeidsutvalet behandla deretter saka i møte 22. august 2018 og vedtok følgande:

*Regionreformen og nye oppgåver til fylkeskommunane/regionane vil kunne få stor betydning for arbeidet i Vestlandsrådet. Før ein tek stilling til kva Vestlandsrådet skal vere i framtida, og kva saker ein skal arbeide med, må ein vente på oppgåvemeldinga som skal kome i oktober 2018.*

*Arbeidsutvalet reknar med at det blir arrangert høyringsmøter om oppgåvemeldinga, og Vestlandsrådet må i så fall melde seg på som deltakar.*

*Dette inneber at framdrifta i sak 4/2018 om «Vestlandsrådet og framtida» bør endrast, slik at saka blir drøfta i Vestlandsrådets møte 1. november, men ikkje sluttbehandla da.*

Etter det eg kjenner til har denne saka hittil i ulik grad vore drøfta i fylkeskommunane. Det er viktig at dette skjer i løpet av året, slik at saka kan førebuast til første møte i vestlandsrådet i 2019.

Saka blir lagt fra utan forslag til tilråding, men det er ønskjeleg at Vestlandsrådet kjem med ytterlegare innspel til innhald og vidare prosess.

**Tilråding:**

Fylkesrådmannen legg saka fram utan tilråding på noverande tidspunkt.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

# Vestlandsrådet og framtida

<b>Vestlandet</b>	
	
	
<b>Landsdel i</b>	Norge
<b>Fylke</b>	Møre og Romsdal Sogn og Fjordane Hordaland Rogaland
<b>Kommunar</b>	121 (2009)
<b>Areal:</b>	
<b>Areal</b>	58 552,34 km <sup>2</sup> (2009)
<b>Befolkning:</b>	
<b>Innbyggere</b>	1258 536 (2009) 1368 000 (2017, avrunda)

**Vestlandsrådet** vart etablert i 2003 og er eit *politisk* samarbeidsråd for dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. Gjennom Vestlandsrådet skal ein

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene
- fremme andre politiske saker av felles interesse
- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

Vestlandsregionen blir endra som følge av Regionreformen, og med det kan også arbeidet i Vestlandsrådet bli endra. Reformendringa inneber at Sogn og Fjordane og Hordaland skal

danne ein ny felles region, med det førebelse navnet «Vestland», frå og med 2020. (Namnesaka skal avgjerast i Stortinget).

Vestlandsrådet har så langt ikkje diskutert kva verknader og konsekvensar regionreformen kan få for det framtidige arbeidet og samarbeidet i rådet. I Arbeidsutvalets møte 25. januar 2018 vart det sett fram følgande forslag, slik det er protokollert:

**«Solveig Ege Tengesdal: Ba om at det for Vestlandsrådet i juni 2018 blir lagt fram ei sak om framtidig samarbeid i Vestlandsrådet, mellom anna sett i lys av regionreforma. Dette fekk tilslutning i arbeidsutvalet».**

**Det låg i dette forslaget ei begrunning i at Vestlandsrådet bør drøfte og kome fram til**

- 1. kva det vil vere fornuftig å samarbeide om i dei næraste åra, at ein**
- 2. utviklar ein politikk eller agenda som utfordrar 'oss' i vestlandsregionen, og at ein**
- 3. ser utfordringane i relasjon til nasjonal politikk.**

Dette er problemstillingar som ikkje enkelt let seg løyse i ei utgreiing med påfølgande vedtak i juni-møtet. Saka vil forutsette ein viss grad av prosess, der synspunkt og haldningar kan modnast fram over litt lengre tid. Sekretariatsleiaren foreslo difor, i Arbeidsutvalets møte 20. april 2018, følgande framdrift:

- at det no blir utarbeidd eit notat om saka, som blir sendt medlemmane før Vestlandsrådets møte i Molde 8. juni
- at notatet blir uformelt drøfta i møte 8. juni
- at det vert laga sak til Vestlandsrådets møte 1. november i Sogndal.

Arbeidsutvalet slutta seg til denne framgangsmåten i møte 20. april 2018.

Dette notatet tek for seg nokre av dei problemstillingane og momenta som kan bli aktuelle i den vidare debatten om Vestlandsrådets framtidige rolle og oppgåver.

**Vestlandsrådet sine medlemmar – og administrasjonane – blir med dette bede om å kome med førebelse synspunkt på innhaldet i dette notatet, synspunkt for og imot, supplere notatet med moment som ikkje er nevnt, o.l.**

# Vestlandsrådet – leiing og namn

Samarbeidet i Vestlandsrådet er oppretta med heimel i kommunelova § 27 og er etablert av fylkeskommunene Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Kanskje viktig å presisere – i ulike samanhengar – at VR er eit samarbeidsorgan heimla i kommunelova § 27. Med dei rettar og plikter som følgjer av det. Av og til kan ei få inntrykk (innad eller i høve eksterne) at nokon trur at rådet er nok meir eller noko mindre enn det.

Sjølve Vestlandsrådet består av 20 medlemmar (m/varamedlemmar), fem fra kvar fylkeskommune. Rådet møtes tre gonger i året. Leiarvervet går på omgang for eitt år om gongen mellom fylkesordførarane. For 2018 er fylkesordførar i Møre og Romsdal, Jon Aasen, leiar av Vestlandsrådet.

I tillegg til rådet er det etablert eit eige arbeidsutval (AU) som er samansett av dei fire fylkesordførarane på Vestlandet:

- Jon Aasen Møre og Romsdal
- Jenny Følling Sogn og Fjordane
- Anne Gine Hestetun Hordaland
- Solveig Ege Tengesdal Rogaland

AU skal m.a. vere eit organ som set den *politiske* dagsorden og som avklarar kva saker ein skal arbeide med mellom møta og kva saker som skal takast opp i neste møte. Arbeidsutvalet skal *ikkje innstille* i saker overfor rådet.

Frå våren 2010 var det etablert eit eige fast sekretariat for rådet. Denne ordninga er seinare endra, og sekretariatsansvaret og -funksjonane følgjer no det fylket som til eikvar tid har leiarskapet.

Frå 1. januar 2020 vil Sogn og Fjordane og Hordaland gå saman i regionen med arbeidsnamnet «Vestland». Denne nye regionen vil bli eit sterkt tyngdepunkt i Vestlandsråds-samarbeidet, og den berømmelege «kjøttvekta» er viktig i mange samanhengar.

Frå det tidspunktet Sogn og Fjordane og Hordaland slår seg saman, blir det 3 partar/medlemmar i rådet, men det geografiske området «vestlandet» vil vere det same. Dei faglege problemstillingane og utfordringane for vestlandet, og for Vestlandsrådet som organ, kan antas også å ville bli om lag dei same.

Det som reelt sett kan endre seg og påverke arbeidet i rådet er at tyngdepunktet i regionen blir endra, og interessene for rådets arbeid kan bli påverka av dette. Vidare at økonomien i rådet kan bli påverka.

Innbyggartala i dei framtidige regionane vil skissemessig vere om lag slik (2017-tal, avrunda, det er ikkje tatt høgde for folketalsvekst):

<u>Fylke/Region</u>	<u>Innbyggjarar 2017</u>	<u>2017 %</u>	<u>2020 %</u>
Møre og Romsdal:	266 200	19,4 %	19,4 %
Rogaland:	472 000	34,5 %	34,5 %
Sogn og Fjordane	110 200	08,1 %	-

Hordaland	519 900	38,0 %	-
«Vestland»:	(630 100)	-	46,1 %
<u>Vestlandet samla</u>	<u>1 368 000</u>		

(Til samanlikning kan nemnast at den nye regionen «Viken» (samanslutning av Buskerud, Akershus og Østfold) vil få om lag 1 150 000 innbyggjarar frå og med 2020).

Regionen «Vestland» blir ein stor organisasjon, og vil innan eigne organisatoriske grenser kunne få kapasitet til å markere og ta seg av fagsakene som Vestlandsrådet arbeider med i dag. Forskjellen som oppstår mellom dagens fylker blir folketalsmessig og arealmessig stor, men korleis dette kjem til å slå ut for Vestlandsrådet og rådets arbeid, må utgreiast og vurderast i tida som kjem. Verknadane avheng av politikken som blir ført.

Korleis regionreformen eventuelt bør endre samansettinga i Vestlandsrådet må avklarast: skal regionen «Vestland» oppretthalde dagens samla representasjon på tilsaman 10 medlemmar, eller skal kvar region – uansett storleik – ha som i dag 5 representantar kvar? I så fall vil ein kunne effektivisere rådet og samarbeidet gjennom slanking.

Det kanskje mest nærliggande er å handsame regionane likt, at demokratiet skal vere likt for alle, uansett storleik, og at kvar region dermed skal ha 5 medlemmar i rådet?

På den andre sida vil dette kunne påverke økonomien i Vestlandsrådet: i dag betaler alle 500 000 kr. i kontingent. Å gå frå 4 til 3 medlemmar inneber i så fall bortfall av ½ mill kr. i tilskot.

### **Kva meiner fylka om forhold som dette?**

Behov for namnebyte? Ut frå at den nye regionen ved dåpen kan få namnet «Vestland», er det også grunn til å reise spørsmålet om Vestlandsrådet bør heite Vestlandsrådet frå og med 2020. For menigmann kan det vere nærliggande å tenkje at Vestlandsrådet er eit organ for den nye regionen, og ikkje for heile vestlandet.

På den andre sida er «Vestlandsrådet» eit godt innarbeida namn, både nasjonalt og internasjonalt (i EU-systemet m.v.). Det kan difor hende at det er praktisk og gunstig å oppretthalde namnet, sjølv om regionreformen kan komplisere dette noko.

**Dersom Stortinget vedtek «Vestland» som nytt regionnamn, skal ein halde fast på namnet «Vestlandsrådet», eller skal ein prøve å kome fram til eit nytt namn som skiljer rådet frå regionnamnet «Vestland»?**

# Felles plattform og samarbeid om politiske saker

Ut frå oppdraget som Arbeidsutvalet ga i møte 25.januar 2018, kan pkt.1 nedanfor relaterast til den eksisterande politiske *plattformen* for Vestlandsrådet, medan pkt. 2 og 3 meir kan knyttast til konkrete *saker* som rådet allereie arbeider med eller skal arbeide med i tida som kjem.

1. **kva det vil vere fornuftig å samarbeide om i dei næraste åra, at ein**
2. **utviklar ein politikk eller agenda som utfordrar 'oss' i vestlandsregionen, og at ein**
3. **ser utfordringane i relasjon til nasjonal politikk.**

I årsmeldinga for 2017 står følgande om «Politisk plattform for Vestlandsrådet»:

«Vestlandsrådet har i fleire rundar revidert den politiske plattformen for arbeidet, sist i 2014. Det har heile vegen vore semje om å styrke følgjande område:

- Samferdsle- og infrastrukturtiltak som styrker landsdelen, gjev betre konkurransekraft og lettar tilhøva for kommunikasjonar og transport.
- Fellesprosjekt som fremjar utvikling for innbyggjarane på Vestlandet.
- Internasjonalt engasjement som styrker Nordsjøsam arbeidet og kontakten med EU.
- Kulturengasjement der Vestlandsrådet fremjar fellesinteresser overfor statlege styresmakter.
- Den politiske beredskapen for å følgje opp nettverk og politiske signal og prosessar som er viktige for landsdelen».

*Plattformen* er Vestlandsrådets «oppdrag», og fylka kan når som helst vurdere denne og vedta eventuelle endringar. Plattformen kan synes å vere rimeleg godt tilpassa Vestlandsrådets arbeid og interessefelt. Men det er reist spørsmål om plattformen er nok oppdatert i høve «nye næringar», og viss det her blir lagt til noko – er det samtidig noko som bør nedprioriterast?

Andre synspunkt går i retning av at Vestlandsrådet har teke opp i seg tema som slit med å finne sin plass. Altså at rådet er *viktigast* der vi som medlem har ei felles sak overfor nasjonale eller overnasjonale styresmakter, regjering, nasjonalstat eller overnasjonale styresmakter. *Svakast* og mest utydelige er vi overfor næringsliv, akademia, organisasjonar og private interesser.

Kanskje bør rådet diskutere å spisse eller konsentrere aktivitetane gjennom felles interesser overfor stat, EU / EØS / Norden. Da kan ein fort ende opp med samferdsel og internasjonale avtaler. Resten som næringsutvikling og næringssamarbeid vert tona ned.

Dersom det skjer ei slik oppsramming eller spissing av innsatsområda kan det og innebære at det blir mindre aktuelt at Bergen og Stavanger skal vere med som bisittjarar.

Vestlandsrådet arbeider no (2018) med ei rekkje viktige saker. Saker som Vestlandsrådet vel å engasjere seg i skal, slik Arbeidsutvalet ser det, «utfordre oss», og ha relevans i henhald til «nasjonal politikk». Med andre ord – Vestlandsrådet ønskjer at rådet skal ha ei stemme som blir høyrd og lagt merke til ut over grensene for eigen region.

Ein føresetnad for dette er at Vestlandsrådet også i framtida står samla om sakene med utgangspunkt i samarbeidsplattformen. På mange samfunnsområder, og ikkje minst når det

gjeld samferdsel, tilrettelegging for næringsutvikling, grenseoverskridande utfordringar for miljø og forureining, er det store fordelar knytta til det å stå saman og vere einige lokalt overfor sentrale styresmakter.

Størstedelen av Vestlandsrådets prioriterte arbeidsoppgåver kan seiast å vere av ein slik karakter at 'samarbeid gjer sterk'. Kva mynde kan ein i så fall tenkje seg at rådet skal ha? Skal det t.d. vere eit uttaleorgan eller eit vedtaksorgan over fylkesnivået? Eller skal det vere eit organ som behandlar saker etter at kvar fylkeskommune har uttala seg og/eller vedtatt noko? Å ha makt til å fatte vedtak på vegne av nokon inneber at arbeidet i eit organ kan bli tatt meir alvorleg, at ein «toppar laget» for å engasjere seg i organets arbeid. Dersom t.d. Vestlandsrådet skal vere eit «tilleggsorgan», eit sandpåstrøingsorgan, er det større fare for at rådet kan bli mindre interessant å engasjere seg i.

Når regionreforma trer i kraft lokalt, og «Vestland» blir eit større tyngdepunkt på vestlandet, kan det vere lett å tenkje seg at opplevinga av å føle seg som «storebror» kan føre til at «Vestland» vil sjå på Vestlandsrådssamarbeidet som ein omveg for å nå fram til t.d. statlege styresmakter; at ein like gjerne, med like stor kraft, kan nå fram med sine ønskjer og behov gjennom direkte kontakt.

Som ytterleggående synspunkt i denne retninga kan ein difor spørje: når regionreforma trer i kraft, vil det da vere behov eller samla interesse for eit råd som Vestlandsrådet? Vil det kunne bli slik at det er Møre og Romsdal og Rogaland som vil ha mest interesse av å oppretthalde rådet, og ikkje «Vestland»?

Vestlandsrådets rennome og omdøme synes i stor grad å vere godt. Dersom dette er sant, at også sentrale styresmakter oppfattar det slik, vil det vere risiko knytta til å endre noko som allereie fungerer godt. Vestlandet vil alltid ha saker («landssaker») som det er viktig å løfte inn på arenaer for rikspolitik. Da er det viktig å ha eit velfungerande lokalt apparat, og Vestlandsrådet kan fylla denne rolla.

Mange av sakene som Vestlandsrådet arbeider med er omfattande og komplekse, er basert på stor fagkunnskap. Oppleves det slik politisk at dei faglege omsyna kan verte bestemmande for kva dei folkevalde kan tillate seg å legge inn av «politikk»?

Eller kan ein snu på dette, og seie: først tek vi ein prinsipiell politisk diskusjon, vurderer ulike «politikkar» og politiske innspel, og gir så dei som skal utgreie mulege eller alternative retningsval? Så kan ein ta for seg sak for sak og stille spørsmålet, slik Arbeidsutvalet har gjort:

«Kva er det i denne saka som skal medverke til at vi blir utfordra som vestlandsregion, og som også utfordrar oss i relasjon til nasjonal politikk? Kva kan vi oppnå av «meirverdi» ved å profilere arbeidet og engasjementet vårt gjennom Vestlandsrådet?»

Ut frå den bestillinga som vart gitt i Arbeidsutvalet den 25. januar, kan mulege problemstillingar t.d. vere:

1. Vil regionreforma kunne vere ein trussel mot dei haldningane som i dag ligg til grunn for samarbeidet i Vestlandsrådet? Korleis vil dei folkevalde organa i nye «Vestland» sjå på sine naboregionar Rogaland og Møre og Romsdal?
2. Er det nødvendig å revurdere gjeldande «plattform for arbeidet», dvs.rådets status/rolle, og i så fall: i kva retning?

- Bør dagens plattform oppretthaldast slik den er? Er det engasjementet som fylkeskommunane i dag legg i Vestlandsrådet stort nok eller passe stort, sett i høve til ambisjonane?
  - Bør dagens plattform utvidast? Ser ein for seg at det er ein styrke for vestlandet samla, sjølv etter regionreformen, at «enighet gjør sterk» og at Vestlandsrådet gjev vestlandet sterkare innfyttelse på statleg politikk enn det fylka (regionane) vil ha kvar for seg?
  - Bør dagens plattform «spissast»? Altså slik at Vestlandsrådets arbeids- og interesseområder i sterkare grad blir konsentrert om det som opprinneleg var «kjerneoppgåver»; dvs. at rådets arbeid blir konsentrert meir om rammebetingelsane (ref. inntektssystemet) for det som fylkeskommunane er sett til å styre (ferjer, vegar, rassikring, tunnellar, etc.), og at andre tema blir tona noko ned?
3. Skal Vestlandsrådets mynde endrast?
  4. Ei anna utfordring er: Det er utarbeidd gode årsmeldingar for Vestlandsrådet, men er desse gode nok på resultatvurderingar? Kva oppnår eigentleg VR? Bør rådet ha eit litt større fokus også på det?
  5. Andre innspel til retningaval??

### **Korleis ser dagens 4 samarbeidspartar på problemstillingar og påstandar som dette?**

Vedlegg til notatet, i og med at det er viktig at ulike styringsdokument blir sett i samanheng:

- Plattformen (2014)
- Samarbeidsavtalen
- Vedtektene

## **VR-sak 31/2018: Handlingsplan for cruisestrategi for Vestland fylke 2018-2020**

### **Innleiing**

Arbeidsutvalet diskuterte temaer om cruise og cruisetrafikk i sitt møte 29. august i år og formulerte følgande henstilling:

*«Dette er eit vidt sakskompleks, med mange utfordringar på fleire plan, og kan sjåast ut frå ulike perspektiv.*

- *Denne saka (desse temaene) bør løftast opp som eiga sak på Vestlandsrådets møte 1. november*
- *Ønskjeleg med samarbeid med Verdensarvrådet*
- *Det bør inviterast fagfolk som kan innleie om ulike sider ved cruisetrafikken, generell auke i turisttrafikken, forsøpling, m.v. Kva erfaringar har ein frå sesongen 2018?*
- *Kva inneber det å få store «flytande hotell» inn i fjordane? Arbeidssituasjonen for tilsette, m.v.*
- *Ulike berørte næringar bør kontaktast for å få innspel.»*

### **Om saka - oppfølging, organisering og iverksetting av tiltak.**

Cruisetrafikken til Vestlandsregionen har auka kraftig dei siste åra og er ein viktig del av den samla reiselivsnæringa på Vestlandet. 70 prosent av all cruisetrafikk i Norge skjer i dei fire Vestland fylka. Det er i alt 17 cruisehamner på Vestlandet med store variasjonar både i talet på anløp og storleik på skip. Spennet varierer frå Bergen som er Norges største cruisehamn til nokre av dei minst nytta cruisehamnene i landet.

I følge ei prognose som er utarbeidd av Transportøkonomisk Institutt, kan talet på cruiseturistar doblast mot 2041 (Dybedal, Farstad, Winther & Landa-Mata, 2015). Det er derfor viktig å få fram berekraftige løysingar som gjer at vi framleis har eit reint og godt reiselivsprodukt å selje, og at vi framleis har lokalsamfunn som er attraktive både for fastbuande og besøkande.

Det er mange moglegheiter knytt til auken i cruisetrafikken. Samstundes fører auken med seg ein del utfordringar. Ei av utfordringane er knytt til utsleppa frå cruiseskipa medan dei ligg til kai, der både luft- og vassforureining kan vere eit problem. Det er også utfordringar knytt til å auke verdiskapinga og betre lønsemda for reiselivsbedrifter som leverer til cruiseindustrien. Det er ønskeleg at fleire reiselivsbedrifter kan levere aktivitetar, opplevingar og tenester til cruiseindustrien.

Med bakgrunn i desse utfordringane og moglegheitene, er det utarbeidd ein felles cruisestrategi for regionen, «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» som vart vedtatt av Vestlandsrådet 10. november 2016. Ei naturleg oppfølging av sjølve cruisestrategien, var utarbeiding av ein «Handlingsplan cruisestrategi for Vestlandfylka 2018 – 2020». Denne vart vedtatt av Vestlandsrådet 7. juni 2018.

Vet utarbeiding av både cruisestrategien og handlingsplanen vart det leigd inn ein prosessleiar for å få tilført både nødvendig kapasitet, men også kompetanse til dette viktige arbeidet.

Reiselivsrådgivarane i dei fire fylkeskommunane har starta arbeidet med prioritering av tiltak og også konkretisering av nokre av tiltaka. For å få nødvendig framdrift i det vidare arbeidet, vil det likevel vere nødvendig å leige inn prosesskapasitet og –kompetanse også i det vidare arbeidet. Det skal derfor utarbeidast eit tilbodsgrunnlag for innkjøp av ein slik ressurs og dei fire fylkeskommunane er innstilt på å spleise på denne kostnaden. Intensjonen er at tilbodsgrunnlaget skal behandlast og bli godkjent på neste møte i næringsssjefskollegiet 2. november 2018.

I første omgang utgjer reiselivsrådgivarane prosjektgruppe og næringsssjefane styringsgruppe for dette arbeidet.

Vedtatt handlingsplan med visjon, hovudmål, delmål, innsatsområde og tiltak, er førande i det vidare arbeidet med konkretisering og iverksetting.

### **Tilråding:**

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

# **Berekraftig cruise – kunnskap om og optimalisering av sosiale, miljømessige og økonomiske effektar av cruiseturisme**

Reiseliv

Berekraftig reiseliv

Prosjektet "Berekraftig cruise – kunnskap om og optimalisering av sosiale, miljømessige og økonomiske effektar av cruiseturisme" skal analysere føresetnadane for ein berekraftig og lønsam cruisetrafikk på Vestlandet, inklusiv klargjere alternativ for å utvikle cruisesektoren på ein måte som integrerer og balanserer både sosiale, økonomiske og miljømessige omsyn. Hovudaktivitetar og forskingsspørsmål i prosjektet:

1. Destinasjonar & distribusjon av trafikk: Kartlegge besøksintensiteten i cruisehamnene langs Vestlandskysten no og i framtida. Når, kvar og kor mange besøkande det er i dag, og korleis kan situasjonen bli i framtida gitt utbyggingsplanar og attraksjonskraft i dei ulike destinasjonane?
2. Økonomi & lokal verdiskaping: Kartlegge forbruksmønsteret i dag og føreslå tiltak for korleis verdiskapinga på landsida kan aukast. Kartlegge fordelinga mellom lokale, nasjonale og internasjonale

interessentar og kva faktorar som påverkar både forbruksnivået og landtilbodet

3. Miljøutvikling: Kartlegge miljøeffektar og kva som er mogelege tiltak for å redusere miljøeffektane, både teknologisk og i politikkutforming. Korleis kan desse tiltaka påverke framtidig utvikling av cruise?

**STARTDATO:**

01.12.2016

**SLUTTDATO:**

01.12.2018

**FINANSIERT AV:**

Hordaland fylkeskommune

**I SAMARBEID MED:**

Regionalt forskingsfond Vestlandet

**PROSJEKTNUMMER:**

6325

Saksbehandlarar:

Marta Rongved Dixon (Hordaland)  
Mari Holen (Møre og Romsdal)

## **VR-sak 32/2018 Travel like the locals**

### **Innleiing**

I Vestlandsrådets møte 8. juni 2018 fremma Aud Karin Oen følgande forslag:

Vestlandsrådet ber om ei sak der ein ser på turisme etter modell frå «travel like the locals» som går på tvers av fylkesgrensene.

Saka vart vedtatt oversendt sekretariatet.

Dette er ein del av reiselivet som vestlandsfylka arbeider med, både kvar for seg og etter kvart saman.

### **Bakgrunn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har dei siste åra fått i stand eit produkt med namnet Travel like the locals i regi av kollektivmerkevaren Fram. Prosjektet består i å velje ut rundreiser eller enveisreiser der allereie eksisterande kollektivruter har ledig kapasitet, og som er særleg attraktive for turistar. Det blir laga ein billett for heile reisa, basert på eksisterande prisar for dei einskilte transportledda med eit tillegg i prisen for provisjon, kostnadar til bookingsystem, etc (for tida 13,75 %). Konseptet Travel like the locals har vore ein suksess i Møre og Romsdal. Det aukar trafikken på ruter som ellers har god kapasitet, og er eit attraktivt reiselivstilbod for turistar. Det aukar også verdiskapinga for reiselivsnæringa i distrikta, som får tilgang på nye kundar gjennom tiltaket.

Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune ynskjer å få til prosjekt av same lest, og har sett av midlar til eit felles prosjekt med føremål å skildre kva som skal til for å komme i gang med tiltaket Travel like the locals i de tre fylkene.

Kollektivselskapa og næringsseksjonane i fylka får hjelp av ein eigen prosjektleiar som skal hjelpe dei involverte å finne løysingar som er relevante for våre fylke. Tiltaket er ynskja av både reiselivsnæringa og politisk nivå i dei tre fylka.

### **Prosjektskildring**

Det har i fleire år vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa at kollektivtrafikken kan bli betre tilpassa og meir tilgjengeleg for tilreisande. Samstundes er det gode miljø- og klimamessige grunnar til at vi ynskjer å få fleire bort frå eigen bil, og over på kollektive reiseformer. Eit aukande tal turistar ynskjer også sjølve å sjå reisemålet «frå innsida» - dei ynskjer å reise som dei lokale.

Møre og Romsdal tok initiativ til prosjektet Travel like the locals i 2016. Prosjektet løyer problemstillinga på ein enkel måte ved å nytte eksisterande ruter og gjere dei synlege, attraktive og lett å booke direkte. Ein synergieffekt oppstår, ved at bussruter som i dag har lite belegg får fleire reisande, medan turistar lettare kan finne vegen ut i distrikta til eiga glede og til nytte for lokal verdiskaping hjå bedrifter utanfor tettstadane.

Reiselivsnæringa og næringsseksjonen i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland ynskjer å utvide ei tilsvarande ordning til eigne fylke. Dei tre fylka ynskjer å samarbeide om tiltaket, og vil støtte eit prosjekt som gjer ressursar tilgjengelege. Tilbodet skal vere klart til bruk før sesongen 2019, arbeidet må difor starte hausten 2018.

Hordaland fylkeskommune har tatt på seg prosjektleiinga og har søkt Sogn og Fjordane og Rogaland om prosjektmidlar. Kvart fylke går inn med kr 300 000 i reine midlar. Det er også lagt inn eigenandel i form av timar frå destinasjonsselskapa i kvart fylke. Totalbudsjett for prosjektet er kr 1.125.000. Tidsramma er oppstart haust 2018 og sluttdato juni 2019. Det er eit mål å ha eit tilbod på plass innan starten på turistsesongen i april 2019. Det kan være hensiktsmessig å starte med eit lågt tal ruter, og så utvide om ynskjeleg.

Det er nødvendig med ein prosjektleiar som har kompetanse både frå samferdsle og reiseliv, og som kan utføre det nødvendig arbeidet med å finne løysingane som skal til for at kollektivselskapa i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland skal kunne starte opp eit prosjekt tilsvarande Travel like the locals. Prosjektet skal være eit tillegg til eksisterande ressursar for at dette arbeidet skal kunne gjerast raskt.

## **Prosjektmål**

Målet for prosjektet er å få på plass ein versjon av Travel like the locals som er tilpassa Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland for å gjere eksisterande ruter meir tilgjengelig for tilreisande, og utnytte ledig kapasitet på eksisterande fylkeskommunalt kollektivtilbod.

I Møre og Romsdal der tilbodet allereie er godt etablert, ser ein på moglegheiter for å utvide produktet, både med nye turar og eventuelt det å «pakke» turar saman med andre tilbod som kulturarrangement etc.

Når tilbodet er etablert i alle fylka, bør ein og lage fylkeskryssande turar der dette er naturleg for å gjere det enklare for turistane å oppleve heile regionen med kollektivtransport.

Det er eit ynskje at ein på sikt kan marknadsføre Travel like the locals-tilboda i alle Vestlandsfylka gjennom ein felles portal og slik gjere det enkelt for turistar å finne fram til reiser med kollektivtransport i heile regionen.

## **Forankring**

Prosjektet er forankra gjennom vedtak i Hordaland fylkeskommune sitt fylkesutval 19.09.2018 PS 2433-8, i Sogn og Fjordane i hovedutval for næring og kultur 25.09.2018 PS49 og i Rogaland 25.09.2018, FU sak 169/18. Forprosjektet Reis som dei lokale i regi av Hardangerrådet har samla reiselivsnæringa i Hordaland, Rogaland og Sogn og

Fjordane v/Destinasjonsselskapa, som er ivrige etter å få tiltaket på plass og som er klare til å bidra med eigen tid i prosjektet.

## **Prosjektorganisering**

Prosjekteigar: Hordaland fylkeskommune

Prosjektleiar: Ein prosjektleiar med relevant kompetanse må finnast

Styringsgruppe: Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland

fylkeskommune, v/næringssjef eller direktør for regional utvikling, Skyss, Kringom, Fram, NCE Tourism v/Dag Aksnes (representerer reiselivsnæringane)

## **Samarbeidspartnere**

Reiselivsansvarlege ved næringsseksjonen i dei tre fylka, reiselivsnæringa v/destinasjonsselskapa. NCE Tourism.

## **Aktiviteter**

- 1) Forankre prosjektet i Samferdsleavdelingar og kollektivtransportselskap i dei tre fylkeskommunane
- 2) Få klarheit i kva tekniske løysingar som må på plass for billettering av rundturane
- 3) Velje ut attraktive rundturar i samråd med destinasjonsselskapa
- 4) Få på plass produktbeskrivelser og bilete for sal
- 5) Finne løysing for plattform for sal av produktet

## **Målgrupper**

Tilreisande frå inn- og utland som ynskjer å ta ein rundtur med offentlege kollektivmiddel.

## **Tilråding:**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgande vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

## VR-sak 33/2018: Arbeidet mot marin forsøpling

### Bakgrunn

Vestlandrådet vedtok i møte 15. februar 2018 eit rammeverk for å kunne ta ei leiande koordinatørrolle i arbeidet mot marin forsøpling langs vestlandskysten.

Hovudinnsatsområda er:

- Strandsonerydding.
- Rydding av sjø- og havbotn.
- Førebyggjande arbeid.

Hovudutfordringa i arbeidet er å samordne innsatsen, slik at denne vert meir ressurseffektiv. Samtidig må ein arbeide for at virkemidla vert tilpassa slik at dei står i forhold til å møte dei utfordringane ein har på dei ulike innsatsområda.

### Status

Samarbeidspartnar til fylka i arbeidet med rydding av strandsona er friluftsråda. Etter utlysing frå Miljødirektoratet i 2018 fekk dei fleste friluftsråda i regionen nesten ei dobling av tildelingane samanlikna med året før. Midlane frå Miljødirektoratet er øyremerkta til utvikling av både organisering, rydding og fjerning av marint søppel. I samband med rapportering av bruk av midlane til Miljødirektoratet vil fylkeskommunane få eit betre grunnlag for å vurdere utfordringsbilde og ressursbehov framover. Styringsgruppa for satsinga ønskjer derfor å samla friluftsråda til eit møte på nyåret. Tilsvarande møte vart halde i januar 2018 i Bergen.

Vestkysten friluftsråd fekk avslag på sin søknad til Miljødirektoratet, og ifølge dagleg leiar har ein p.t. ikkje fått svar på sin klage. Klagen vart sendt 10. mai 2018.

M.o.t. rydding av sjø- og havbotn er ambisjonen å skaffe ei oversikt over dei viktigaste aktørane i løpet av hausten 2018, og vurdere nytten av å etablere ein samhandlingsarena. I tillegg vert grunnlaget for arbeid med ein søknad til Miljødirektoratet i 2019 vurdert.

Utvikling av det førebyggjande arbeid var det i startfasen lagt opp til eit samarbeid med Friluftsrådenes Landsforbund. Dette samarbeidet er så langt ikkje blitt prioritert pga. at Friluftsrådenes Landsforbund fekk avslag på sin søknad om mildar frå Miljødirektoratet til dette prosjektet. Ny søknad i 2019 må vurderast inkl. alternative aktørar og/eller finansieringskjelder.

### Organisering

I vedtaket til Vestlandsrådet den 15. februar 2018 vart det også sett av 400 000 kr. til ein 50 prosent stillingsressurs som prosjektleiar. Stillinga er lyst ut og det er tilsett ein prosjektleiar i 50 % stilling som byrjar i stillinga omlag 1. november 2018, med eit engasjement i 8 månadar.

Det er mange ulike lokale, regionale og nasjonale initiativ og prosjekt i tilknytning til arbeidet mot marin forsøpling. No i første fase er hovudprioriteringa å få oversikt over kunnskapsgrunnlag, aktørbildet, prosjekt og sentrale aktivitetar. Dette krev bl.a. at vi arbeider proaktivt inn mot sentrale nasjonale og regionale aktørar, i tillegg til at vi deltek på viktige møtearenaer.

Vi forventar at behovet for å koordinere informasjonsarbeid, formidling og kommunikasjon med interne og eksterne interessentar vil auke framover. Med prosjektleiar på plass meiner styringsgruppa at det er naturleg at vi no vurderer styringsstrukturen for prosjektet. Målet for framtidig organisering er å styrke grunnlaget både m.o.t. intern samhandling mellom dei fire fylkeskommunane, og med eksterne miljø.

### **Tilråding:**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet tek orienteringa om status for arbeidet til vitande.
2. Forslag til framtidig styringsstruktur vert lagt fram på neste møte i Vestlandsrådet.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

## Saksbehandlarar:

Birgit Aarønæs (Møre og Romsdal)  
Stian Skår Ludvigsen (Hordaland)  
Geir Sør-reime (Rogaland)

## **VR-sak 34/2018: Brexit og moglege konsekvensar for Vestlandet - ei oversikt over eksport frå Vestlandet til Storbritannia**

### **Bakgrunn**

I VR-sak 09/18: Handlingsplan for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen 2018 vert det slått fast at Brexit er ei viktig sak med vesentlege konsekvensar for rammevilkåra rundt Nordsjøen, og at Vestlandsrådet derfor fortsatt vil følgje arbeidet og ha ein felles posisjon i Nordsjøkommisjonen og CPMR. Vestlandsrådet er representert ved fylkesvaraordførar Marianne Chesak i Nordsjøkommisjonen si arbeidsgruppe (task force) som arbeider med Brexit-problemstillingar knytt til Nordsjøområdet. Vestlandsrådet har vorte jamleg orientert om status for Brexit på møta i 2017-2018.

I sak 09/18 vert det også vist til konsekvensane som Brexit vil kunne ha for viktige relasjonar mellom Vestlandet og Storbritannia og næringslivet i vestlandsfylka.

Dette er ei oppfølging av denne saka og gir ei oversikt over eksporten frå vestlandsfylka til Storbritannia som grunnlag for å sjå moglege konsekvensar av Brexit.

### **Vurdering**

Det er særleg dersom det ikkje er nokon avtale på plass mellom EU og Storbritannia i slutten av mars 2019, når utmeldingsperioden er over- ein «hard Brexit»- at Brexit vil kunne få vesentlege konsekvensar for vestlandsfylka. Ein hard Brexit inneber at EØS-avtalen ikkje lenger vil vere grunnlaget for handelen mellom Noreg og Storbritannia, og at dei fire fridomane (fri bevegelse av varer, tenester, kapital og personar) opphøyrer som rettsleg rammeverk for det handelspolitiske tilhøvet vårt til Storbritannia. Sjå også eige punkt i Rapport frå faste utval for internasjonalt arbeid.

#### *Eksport frå Noreg*

Vareeksporten frå Noreg til EU utanom Norden var i 2017 verdt 581 mrd. kroner. Av dette var fastlandseksporten<sup>1</sup> til EU utanom Norden på 193 mrd. kroner.<sup>2</sup> Tenesteeksporten (unntatt finanstenester) utgjorde 73 mrd. kroner<sup>3</sup>. Det inneber at tenesteeksporten var på 11 prosent av all eksport, og 27 prosent av all fastlandseksport.

Frå Noreg til Storbritannia vart det i 2017 eksportert varer for 191 mrd. kroner, av dette 35 mrd. i fastlandseksport. Når det gjeld eksport av tenester gir ikkje SSB Statistikkbanken opp tenesteeksport etter land. Men dersom vi legg til grunn at tenesteeksporten frå Noreg til Storbritannia var på nivå med norsk tenesteeksport til EU utanom Norden, kan vi rekne oss fram til at tenesteeksporten i 2017 låg mellom 13 og

<sup>1</sup> SSB: Eksport av andre varer enn råolje, naturgass, naturlege gasskondensater, skip og oljeplattformer

<sup>2</sup> SSB tabell 08804 Utenrikshandel med varer

<sup>3</sup> SSB tabell 10193 Utenrikshandel med tenester for ikkje-finansielle føretak (føreberelse tal)

24 mrd. kroner (det låge talet er basert på all eksport, medan det høge talet er basert på fastlandseksport). Meir presise tal enn dette må eventuelt bestillast frå SSB.

### *Eksport frå Vestlandet*

Hordaland fylkeskommune har fått levert tal frå SSB på vareeksport frå Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til Storbritannia for 2013 t.o.m. 2017.

Tala for norsk fastlands vareeksport i 2017 viser at det samla vart eksportert varer frå vestlandsfylka til ein verdi av 158 mrd. kroner.<sup>4</sup> Frå vestlandsfylka til Storbritannia gjekk det varer for ein verdi av 16,8 mrd. kroner (11 prosent av samla eksport).<sup>5</sup> Dette talet samanlikna med samla norsk vareeksport til Storbritannia på 35 mrd. kroner, viser at **vestlandsfylka i 2017 stod for 48 prosent av norsk fastlands vareeksport til Storbritannia.**

Når det gjeld tenesteeksporten kan vi i dag berre gi eit grovt estimat. Dette kjem av at vi ikkje har fått tal på tenesteeksporten frå fylka, og at vi ikkje har tal på tenesteeksport til Storbritannia. Dersom vi tek utgangspunkt i det nasjonale talet for samhøvet mellom fastlands vareeksport og tenesteeksport til EU utanom Norden, kan vi rekne oss fram til at tenesteeksporten frå Vestlandet til Storbritannia i 2017 kan ha vore på mellom 2 og 6 mrd. kroner, eller inntil 50 prosent av all norsk tenesteeksport til Storbritannia. På grunn av at mykje av eksportverdien frå Vestlandet er i storvolumprodukt som fisk og brenselstoff, vil talet truleg ligge nærare den nedre enn den øvre enden av skalaen. Likevel vil tenesteeksporten då vere i same storleik som matvarer og levande dyr, og som maskinar og transportmiddel, jf. tabellen under.

For å utfylle bildet, kan vi sjå nærare på nokre estimat frå PANDA (plan- og analysesystemet for næring, demografi og arbeidsmarknad). Her er nyaste data derimot frå 2016. I 2016 var vareeksporten frå Vestlandet på 141 mrd. kroner (SSB), medan samla eksport var berekna til 205 mrd. (PANDA). Det gir i så fall ein tenesteeksport på 64 mrd. kroner. I 2016 gjekk 9 prosent av all vareeksport frå Vestlandet til Storbritannia. Dersom 9 prosent av all tenesteeksport også gjekk til Storbritannia, inneber det ein tenesteeksport på 5,8 mrd. kroner. For å få nøyaktige svar på dette, må det eventuelt bestillast fleire data frå SSB.

Med dei data vi har frå SSB, veit vi følgjande (sjå tabellen under):

- I perioden 2013-2017 eksporterte vestlandsfylka varer for i alt 735,8 mrd. kroner. Av dette utgjorde 69,7 mrd. kroner (9,5 prosent) eksport til Storbritannia.
- 33 prosent av eksporten til Storbritannia, og 3 prosent av all eksport frå Vestlandet, var energiekspert (i hovudsak raffinerte petroleumsprodukt), på i alt 22,8 mrd. kroner over heile femårsperioden. Etter dette kom eksport av bearbeidde varer gruppert hovudsakleg etter materiale (t.d. aluminium) på 13,8 mrd. kr., og så matvarer og levande dyr (i hovudsak fisk) med 12 mrd. kroner. Desse tre varegruppene utgjør med det til saman 54 prosent av eksporten frå Vestlandet til Storbritannia. Når North Sea Link blir sett i drift i 2021, med ein effekt på 1400 MW, vil verdien av fastlands energiekspert auke meir.
- Dersom vi fordeler den totale eksporten frå Vestlandet til Storbritannia på fylke, kom 3 prosent av eksporten frå Sogn og Fjordane, 15 prosent kom frå Møre og Romsdal, 38 prosent frå Rogaland, og 44 prosent kom frå Hordaland. Over heile femårsperioden vi har data for, eksporterte Hordaland for 30,9 mrd. kroner til Storbritannia, Rogaland for 26,3 mrd. kroner, Møre og Romsdal for 10,7 mrd.

<sup>4</sup> SSB tabell 10482 Fastlandseksport

<sup>5</sup> SSB leveranse til HFK 16.10.2018

kroner, og Sogn og Fjordane for 1,8 mrd. kroner.

- Dersom vi ser på kvart fylke og kor stor del av deira eksport som går til Storbritannia, ser vi at Rogaland er det mest Brexit-utsette fylket, med 14 prosent av all eksport retta mot Storbritannia. Samanlikna med dette hadde Hordaland 10 prosent av sin eksport til Storbritannia, Sogn og Fjordane 3 prosent, og Møre og Romsdal 6 prosent av sin eksport til Storbritannia. På det meste har Rogaland sendt 16 prosent av sin eksport til Storbritannia (2016).

Varegruppe (SITC, 1-siffer)	Eksport frå vestlandsfylka 2013-2017 (snitt per år, millionar kr)	Prosent av eksport til GB	Prosent av all eksport
0 Matvarer og levende dyr	<b>2 393</b>	<b>17,2 %</b>	<b>1,6 %</b>
1 Drikkevarer og tobakk	4	0,0 %	0,0 %
2 Råvarer (ikke spiselige), ekskl. brenselstoffer	361	2,6 %	0,2 %
3 Brenselstoffer, smøreoljer, elektrisk strøm	<b>4 554</b>	<b>32,6 %</b>	<b>3,1 %</b>
4 Animalske og vegetabiliske oljer, fett og voks	97	0,7 %	0,1 %
5 Kjemiske produkter	1 341	9,6 %	0,9 %
6 Bearbeidde varer gruppert hovedsakelig etter materiale	<b>2 756</b>	<b>19,8 %</b>	<b>1,9 %</b>
7 Maskiner og transportmidler	1 832	13,1 %	1,2 %
8 Forskjellige ferdigvarer	611	4,4 %	0,4 %
9 Andre varer og transaksjoner	0,02	0,0 %	0,0 %
Varer i alt til Storbritannia	13 950	100 %	9,5 %
Vareeksport alle land	147 162		100 %

Tabell 1: Eksport frå vestlandsfylka til Storbritannia, snitt per år, 2013-2017. Millionar kr. Tal frå SSB. Sjå <https://www.ssb.no/klasse/klasseklassifikasjoner/121> for meir detaljar om vareinndelinga.

Dessverre har det ikkje vore mogleg for SSB å gi ut data i ei meir detaljert vareinndeling enn den som er vist i tabell 1. For fleire av varegruppene har SSB heller ikkje hatt moglegheit til å gi ut data fordelt på fylka på Vestlandet. Dette skuldast anonymisering av omsyn til einiskilde store og dominerande aktørar. I tillegg kan SSB ikkje gi oss tal på import til fylka, da dei ikkje har data om sluttdestinasjon.

#### *Ringverknadsanalyse om arbeidsplassar*

Vareeksporten frå Vestlandet til Storbritannia utgjorde i 2016 til saman 0,9 prosent av all produksjon på Vestlandet (PANDA). Ei førebels ringverknadsanalyse i PANDA viser at vareeksporten til Storbritannia på det tidspunktet sysselsette mellom 1500 og 3000 personar på Vestlandet. Ei meir presis, kvalitetssikra berekning av dette talet vil krevje noko konsulentkjøp, samt eigeninnsats frå fleire fylke. Dersom berekninga i tillegg skal innehalde tenesteeksport, kjem noko ekstra datakjøp, samt nokre veker i bestilling.

#### *Eksempel på konsekvensar av Brexit og utgreiingsarbeid i Rogaland*

Stavanger Aftenblad hadde 9. september 2017 ein magasinartikkel om konsekvensane ein hard Brexit kan få for vindaugeproduzenten NorDan på Moi i Lund kommune i Rogaland, og ikkje minst, dei alvorlege konsekvensane dette kan få for det vesle samfunnet Moi med rundt 2000 innbyggjarar.

Ingressen på artikkelen er «For vindusprodusenten NorDan, kan Brexit i verste fall føre til at rundt 50 arbeidsplasser blir flyttet fra Moi og Egersund og ut av landet. NHO-leder Kristin Skogen Lund advarer politikerne mot å ikke ta konsekvensene for norske bedrifter på alvor.»

Avisa skriv at mellom 15 og 20 prosent av produksjonen vert eksportert til Storbritannia, og at firmaet er marknadsleiar i Skottland. Omsetninga i Storbritannia er på rundt 400 mill. kroner. Firmaet fortel at den typen vindauge dei produserer ikkje vert produsert i Storbritannia, og at alt må importerast. Dersom Brexit fører til toll på produkta, vurderer bedrifta å flytta delar av produksjonen til Storbritannia, noko som vil gå ut over sysselsettinga på Moi. Truleg vil då minst 50 arbeidsplassar forsvinna frå Moi.

Bedrifta merker allereie konsekvensar av Brexit. Fallet i pundkursen har ført til at prisane på NorDan-vindauge i Storbritannia har stige med rundt 10 prosent. Dei reknar med at eventuell toll til Storbritannia etter Brexit vert på minst 5 prosent.

I artikkelen seier NHO at rundt 40 prosent av norske bedrifter føler seg usikre på kva konsekvensar Brexit vil få for dei. NHO direktør Kristin Skogen Lund seier til avisa at det er for lite debatt om dette i Noreg, og at det er ei utfordring at Noreg ikkje har prioritet i forhandlingane. I den enorme jobben som skal gjerast er det ikkje lagt opp til ekstra kapasitet til å særleg ta seg av relasjonen til Noreg.

Om NorDan og mange andre bedrifter sin situasjon seier Skogen Lund at «I dag vet de ikke om de på under to år står her med for eksempel tollbarrierer som vil fjerne hele lønnsomheten i det de driver med her. Er det noe forretningslivet ikke liker, er det usikkerhet.»

Artikkelen i Stavanger Aftenblad ligg på

<https://www.aftenbladet.no/magasin/i/QL5qA/Brexit-kan-fa-folger-for-50-familier-pa-Moi-og-i-Egersund>

Inspirert av artikkelen i Stavanger Aftenblad om dei moglege konsekvensane av Brexit for NorDan og Moi-samfunnet, har Rogaland fylkeskommune starta eit prosjekt der dei vil intervjuje rundt 20 bedrifter rundt i fylket om kva utfordringar og risikoar dei ser i høve til Brexit. Bedriftene er valt ut med tanke på brei geografi- og bransjedekning.

Ei slik undersøking kan avdekka moglege utfordringar for ulike næringar i fylket. Det gjer ikkje situasjonen enklare, men kan føre til betre førebuing. Det vert innhenta informasjon frå fleire regionar i fylket; fem bedrifter frå Nord-fylket, fem frå Ryfylke, fem frå Sør-Jæren og fem frå Nord-Jæren. Det er fleire bransjar som er representert, men alle har eksport og import til og frå Storbritannia. Det vert sett på store så vel som små bedrifter, innanfor mange næringar.

### **Tilråding:**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgande vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Det blir lagt fram ei ny sak når det kjem nærare avklaringar rundt resultatet i Brexit-forhandlingane, som også inneheld ei vurdering av om det vil vere aktuelt å gjere vidare analyser av konsekvensane av Brexit for vestlandsfylka.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Saksbehandlarar:

Lena Söderholm (Sogn og Fjordane)  
Birgit Aarønæs (Møre og Romsdal)

**VR-sak 35/2018: Orientering om NORA**

NORA - Nordisk Atlantsamarbejde - er ein grenseregional komité under det regionalpolitiske samarbeidsprogrammet til Nordisk Ministerråd.

Vestlandsrådet er medlem i NORA, og representert i NORA-komiteen ved Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vedlagt følgjer ei orientering om arbeidet i NORA. Orienteringa inneheld også informasjon om prosjekt som er støtta av NORA, oversikt over strategiske initiativ dei har teke og tilrådingar frå tankesmia til NORA.

**Tilråding:**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgande vedtak:

Vestlandsrådet tek sak til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Saksbehandlarar:  
Birgit Aarønæs (Møre og Romsdal),  
for internasjonal gruppe og fleire  
bidragsytarar.

## VR-sak 36/2018 Rapport frå faste utval- internasjonalt arbeid

Det vert rapportert frå følgjande faste utval for internasjonalt arbeid for perioden fram til oktober 2018:

1. Europapolitisk forum
2. NORA- Nordisk Atlanterhavsamarbeid
3. Nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet
4. Nordsjøkommisjonen
  - a. Marin ressursar gruppe
  - b. Transportgruppa
  - c. Smarte regionar gruppa
  - d. Klima- og energigruppa

Rapporten inneheld i tillegg rapportering frå sist møte i Brexit Task Force.

Europapolitisk forum	
Sist møte i Europapolitisk forum	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>Europapolitisk Forum 6.-7. juni 2018 Møtet ble halde i Kristiansand med Aust-Agder fylkeskommune som vertskap. Frå Vestlandsrådet deltok fylkesordførar Jon Aasen, i tillegg til Geir Sør-Reime, Birgit Aarønæs og Live Hegelstad, sistnemnde som medansvarlig for diskusjonsnotatet til saka om arbeidsinnvandring og arbeidslivskriminalitet. Møtet hadde to hovudsaker: det grønne skiftet – grøn konkurransekraft, og arbeidsinnvandring og arbeidslivskriminalitet.</p> <p>Hovudinnleiinga på temaet grønt skifte var ved Tine Sundtoft som bl.a. har utarbeidd rapporten «De nordiske lande i den grønne omstilling» for Nordisk ministerråd. Diskusjonane handla mykje om kommunikasjon mellom forvaltningsnivåa og korleis kommunar og fylkeskommunar kan følgje opp internasjonale og nasjonale føringar, og korleis f.eks. regionale utviklingsmidlar kan nyttast til å stimulere til grønt omstilling.</p> <p>Temaet arbeidsinnvandring/nedkjemping av arbeidslivskriminalitet hadde bl.a. ei innleiing ved leiaren for A-krimcenteret i Kristiansand. Mykje av diskusjonen var sentrert rundt arbeidslivskriminalitet og</p>	

<p>korleis den kan nedkjempast, men også spørsmålet om enklare godkjenningsordningar for utanlandske fagutdanningar blei diskutert.</p> <p>Forumet diskuterte korleis ungdom kan involverast i politiske avgjerder (ref. tema på neste møte i forumet).</p> <p>Neste møte i forumet vert 15. november. Første tema er ungdom, både internasjonalisering i utdanninga og korleis ungdom kan bli involvert i forumet. Det andre temaet vil vere EUs program etter 2020, og kva program Noreg bør delta i. To skrivegrupper har utarbeidd diskusjonsnotat.</p>	
---	--


<a href="#">NORA- Nordisk Atlantsamarbejde</a>	
Sist møte i NORA	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>NORA heldt sitt komitémøte 30. mai. Tema for møtet var framtidens NORA. Særleg islandske politikarar har vore aktive med innspel sidan Island skal ha leiinga i 2019. Grønland uttrykte ønsker om samarbeid om UNESCO-stadar.</p> <p>I Nordatlantisk tankesmie sitt åtte personar frå dei fire NORA-regionane. Dei har i oppgåve å levere politisk uavhengige tilrådingar om korleis styre samarbeidet i regionen. Siste tilråding gjeld cruiseturismen.</p> <p>NORA har i eit partnerskap med Greenland Business, Innovasjon Norge og Innovasjons-senteret i Island gjennomført ein konferanse 1.-2. juni 2018 om innovasjonsundervising i 2018, i Nuuk, Grønland.</p> <p>NORA vil vurdere ideen om eit nordatlantisk ungdomsprosjekt tilknytt norske Young Fish.</p> <p>Utlysning av prosjektmidlar 2018 gav 36 søknadar, fem blei avvist av formelle årsakar. Sju søknadar fekk støtte på til saman DKK 2 519 838.</p> <p>På neste møte i desember vil EU ha sitt årlege møte med generalsekretær i Nordisk ministerråd.</p>	<p>Vestlandet sitt i år i AU i NORA.</p>

<a href="#">Interreg Nordsjøprogrammet</a>	
Siste nytt om Interreg Nordsjøprogrammet	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>Nordsjøprogrammet dekkjer 49 regioner i sju land med cirka 60 millionar innbyggjarar. Heile Noreg kan søkje om å delta i prosjektsamarbeid. Programmet har no 48 godkjente prosjekt med tildelte midlar innanfor tema innovasjon og kapasitetsbygging, øko-innovasjon, klima- og natur og berekraftige transport. Programmet har allokert cirka 65 prosent av programmidlane hittil i</p>	<p>Styringskomiteen tildelte midlar under 5. utlysning i juni i år. Eit prosjekt ble godkjent med norsk Lead Beneficiary – Hordaland fylkeskommune i prosjektet «RIGHT skills for the RIGHT future». Meland kommune,</p>

programperioden (2014-2020). Støtnadsnivået i programmet er på 50 prosent.

Etter at programmet no har allokert cirka 65 prosent av midlane inneber det at det finnes cirka € 55 millionar tilgjengelige for prosjektsøkjjarar frå EU-land. I tillegg kjem om lag 2,1 mill. kroner til norsk prosjektdeltaking ut programperioden.

Programmet hadde to utlysningar med frist i oktober 2018. Den 7. utlysning for fase 2 prosjekt (tidligere godkjent i fase 1) og 8. utlysninga for nye fase 1 prosjekt.



- Priority 1 - innovasjon og kapasitetsbygging
- Priority 2 - øko-innovasjon
- Priority 3 - klima- og naturressursar
- Priority 4 - miljøvennleg transport

NCE Seafood Innovation Cluster, GCE Subsea er også partnarar i prosjektet. Tema er korleis vi kan bruke kompetanse til å oppretthalde vår regionale konkurransekraft. Budsjettet for partnarane frå Hordaland ligg på cirka 7, 2 mill. kroner.

Høgskulen på Vestlandet avd. Stord kom med i eit prosjekt som skal utvikle ein miljøvennleg metode for demontering av vindturbinar i Nordsjøen. Deira budsjett er på cirka 85 000 kroner. Elles fekk norske partnarar (frå heile landet) tildelt til saman om lag 12 mill. kroner denne runden.

Under den 7. utlysninga for fase 2-søknadar har Bergen kommune søkt deltaking i eit prosjekt som handlar om sjølvkøyrande bilar med eit budsjett på nesten 4 mill. kroner. Stavanger kommune har søkt som partnar i eit fase 1-prosjekt. CLICK handlar om innovasjon innanfor offentleg tenesteprovisjon og nye grep for å opprette kontakt med innbyggjarar gjennom open innovasjon.

Regjeringa i Storbritannia har nyleg bekrefta at dei garanterer all britisk deltaking i godkjente Interreg-prosjekt ut 2020. Det betyr at partnarar frå Storbritannia er sikra deltaking i Nordsjøprogrammet ut programperioden.

Nordsjøkommisjonen

Sist møte Nordsjøkommisjonen

Aktuelle saker for Vestlandet

<p>Sist møte i styret var i Brussel 11. oktober. Norsk styremedlem i Nordsjøkommisjonen, fylkesvaraordfører Marianne Chesak frå Rogaland, deltok, saman med rådgivar Geir Sør-Reime.</p> <p>Styret vart orientert om North Seas Energy Cooperation, eit prosjekt som arbeider for å senke kostnadane på offshore vindkraft i Nordsjøen gjennom standardisering av regelverk, teknologi og utstyr og eit nett av overføringskablur for strøm mellom landa. Prosjektet vert leia av Benelux-samarbeidet og elles deltek Norge, Danmark, Frankrike, Tyskland, Irland og Sverige. Prosjektet starta i 2016 og har allereie komme langt i arbeidet .</p> <p>Styret diskuterte også det framtidige regionale samarbeidsprogrammet Interreg Nordsjøen med ein representant for EU-kommisjonen, og uttrykte eit sterkt ønske om at Nordsjøprogrammet må fortsette og styrkast når Storbritannia går ut av EU neste år. Nordsjøkommisjonen har sett i gang arbeid med å utarbeide en ny strategi for Nordsjøsam arbeidet etter 2020, og representanten frå EU-kommisjonen sa at dette vil vere eit sentralt dokument for prioriteringane i det neste Interreg-programmet for Nordsjøen.</p> <p>Styret vedtok å senke innslagspunktet for den mellomste kontingentkategorien frå 500 000 innbyggjarar i dag, til 250 000 innbyggjarar. Dette vert gjort for å kompensere for eit forventa inntektsfråfall som følgje av den norske regionreformen.</p> <p>Neste styremøte vert i Groningen 11. januar.</p>	
--	--

<a href="#">Nordsjøkommisjonen- marin ressursar gruppa</a>	
Sist møte	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>Gruppa for marine ressursar hadde møte i Peterhead i Aberdeenshire 2. og 3. oktober. Dag to av møtet var eit fellesmøte i lag med gruppe for klima og energi. Første dag vart ein handlingsplan for marint søppel lagt fram og diskutert. Det var også gjeve ei kort oppsummering av Brexit, der to representantar frå fiskerinæringa i Peterhead fekk presentert synspunkt frå både fiskeflåten og foredlingsindustrien. Den faglege delen av dagen vart avslutta med eit besøk på Scottish Maritime Academy &amp; Simulator. Dag to starta med eit besøk på fiskemarknaden i Peterhead, det største kvitfiskmarknaden av denne typen i Europa. Det var også gjeve gode presentasjonar om marin planlegging i Skottland, havvindmøllesatsinga til Equinor (<a href="#">Hywind</a>) og eit prosjekt som planlegg ein straumkabel mellom Eidfjord i Noreg og Peterhead i Skottland (<a href="#">NorthConnect Interconnector</a>).</p> <p>Neste møte i gruppa vert i Groningen 9. og 10. januar.</p>	<p>Koplinga mellom handlingsplan for marint søppel og prosjektarbeidet mot marin forsøpling i regi av Vestlandsrådet.</p>

Nordsjøkommisjonen- transportgruppa	
Sist møte	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>Transportgruppa hadde sitt siste møte 5. april i Stockholm. Det var eit fellesmøte med transportgruppa i Østersjøkommisjonen. Dei to gruppene har hatt jamlege møte i mange år, og det vart diskutert korleis dei to gruppene kan arbeide tettare saman på område med felles interesser.</p> <p>Gruppa har stort fokus på dei europeiske transportkorridorane, og har fremma forslag til Kommisjonen om inkludering av nye strekkingar. I tillegg har gruppa diskusjonar med cruiseindustrien om landstrøm til cruise fartøy, som ei oppfølging av vedtak på årsmøtet i fjor.</p> <p>Dei første resultatane frå undersøkinga om clean shipping i Nordsjøregionen vart presentert.</p> <p>Neste møte er 22. og 23. oktober i Kiel.</p>	<p>Møre og Romsdal og Hordaland er «task holder» for gruppa sitt arbeid på clean shipping. Dei har utarbeidd ein rapport om clean shipping i Nordsjøregionen, basert på ei spørjeundersøking blant medlemmane i Nordsjøkommisjonen.</p>

Nordsjøkommisjonen- smarte regionar gruppa	
Sist møte	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>Smart Regions møttes sist i Fredrikstad 13. juni. Møtet blei starta med et miniseminar om digital økonomi, der eHelse satsinga i Halden og tverrfagleg digital innovasjon i ulike bedrifter vart presentert.</p> <p>Neste møte i gruppa er 1. og 2. november. Tema er utfordringane knytt til aldrande befolkning. Utfordringane vert kasta lys over ved bruk av eksempel frå kommunar med høg gjennomsnittsalder i både Norge, Sverige, Danmark og Skottland. I tillegg vil det bli presentasjonar av nye metodar for betre eldreomsorg 'aktiv og sunn aldring'.</p>	

Nordsjøkommisjonen- klima- og energigruppa	
Sist møte	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>Til møtet i Aberdeenshire 2.-3. oktober 2018 var det sendt ut utkast til Position Paper om hydrogen for Nordsjøkommisjonen. Dette er planlagt tatt vidare til møte i Brussel 7. februar og til årsmøtet i 2019.</p> <p>Aberdeenshire hadde interessante presentasjonar av sitt arbeid med «carbon budget» og klimatilpassing. Pale Blue Dot presenterte tankar om hydrogenproduksjon frå naturgass med CCS, der H2 kunne gå i rør.</p> <p>Det var fleire innlegg om havvind. Mest spennande var Equinor (Hannah Mary Goodlad) sin presentasjon: Dei</p>	<p>Aberdeen City Council, Groningen/Drenthe og Hordaland/Vestlandsrådet står bak innhaldet i utkastet.</p> <p>Vindturbinar på Tampen vart nemnde, men presisert</p>

<p>greier ut BATwind der dei vil lade opp batteri på land når det er overskotsproduksjon.</p> <p>North Connect Interconnector (Richard Blanchfield) vart også presentert med perspektivet at overskuddskraft frå fornybar energi kan lagrast i Noreg og hentast tilbake når den trengs i UK. «Bootstrap»-kablar frå Skottland er også diskutert for å ta el-kraft sørover i UK.</p> <p>Neste møte vert ei felles møte med transportgruppa 28 februar 2019 i Brussel.</p>	<p>at dei ikkje er finansiert eller beslutta.</p> <p>NorthConnect er planlagt frå Simadalen i Hordaland til Petershead. Det verka som det er stor kommersiell interesse på skotsk side. Dei snakka om at 70% av tida ville leveransane gå frå Noreg til Skotland.</p>
--	---

<a href="#">Nordsjøkommisjonens Brexit Task Force</a>	
Sist møte	Aktuelle saker for Vestlandet
<p>Nordsjøkommisjonens arbeidsgruppe for Brexit, der fylkesvaraordførar Marianne Chesak representerer Vestlandsrådet, møttes 20. september i Brussel. Magnus Engelbrektsson, generalsekretær i Nordsjøkommisjonen, minna gruppa om at det vert hevda at Storbritannia og EU er einige om rundt 80 prosent av spørsmåla rundt britane si utmelding av EU. Men det står igjen spørsmål som nesten synest umogleg å bli einige om. Dette gjeld spesielt Storbritannia sitt tilhøve til EUs indre marknad, noko som ikkje minst gjer det vanskeleg med ein avtale om open grense mellom den irske republikken og Nord-Irland etter Brexit. Sidan det fortsatt er stor avstand i slike sentrale spørsmål, har også britane begynt å forberede seg på at det ikkje kjem til å vere nokon avtale på plass i slutten av mars 2019, når utmeldingsperioden er over.</p> <p>Jonathan Millins, som leier Brusselkontoret til East of Englands, hevdar fortsatt at den britiske regjeringa prøver å avdramatisere situasjonen, men siste frist er no 15.november, og det er ikkje langt fram. Britane sin statsminister har også hevda at om EU ikkje godtek hennar forslag til avtale, vert det ingen avtale. Utspilet blei avvist av leiarane i EU, men det finnes nok fortsatt rom for forhandlingar.</p> <p>Eit spørsmål som er svært aktuelt for Noreg, er at Storbritannia vil ha sin eigen fiskeripolitikk etter utmeldinga. Storbritannia ønskjer årlege kvoteforhandlingar, medan Noreg ønskjer meir langsiktige avtalar.</p> <p>Marianne Chesak informerte gruppa om EU si avgjerd om at Storbritannia allereie no kan starte formelle forhandlingar direkte med EFTA-landa (Norge, Island, Liechtenstein og Sveits), parallelt med forhandlingane med EU. Dette kan vonleg føre til ei raskare avklaring om Storbritannia sitt framtidige tilhøve til Noreg og dei andre EFTA-landa og til EØS-avtalen.</p>	

**Tilråding:**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgende vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

# Vestlandsrådet

**VR-sak 37/2018: Uttale om Statsbudsjettet for 2019 (blir utsendt seinare)**

Saksbehandlar:

Dagfinn Aasen

## **VR-sak 38/2018: Møteplanar for Vestlandsrådet og Arbeidsutvalet**

**Vestlandsrådet** har dei seinaste åra hatt 3 møter pr. år. Dette er «fysiske» møter, der rådet samlast til drøftingar, meningsutveksling, orienteringar, føredrag, og ikkje minst: til å fatte vedtak. Vestlandsrådet er ein arena der folkevalde på tverrpolitisk vis kan møtes, sette viktige saker på agendaen, og på denne måten utvikle Vestlandet som landsdel.

Leiarskapet i Vestlandsrådet går på omgang. I 2017 var Sogn og Fjordane vertskap, og i 2018 Møre og Romsdal, med følgende møter:

- Bergen, 15. februar
- Molde, 7.-8. juni
- Gardermoen, 1. november

I 2019 skal Rogaland fylkeskommune ta over leiarskapet, og sekretariatet foreslår følgende møtedatoar i Vestlandsrådet:

- Februar: torsdag 28. februar
- Juni: fredag 21. juni
- November: torsdag 14. november

**Arbeidsutvalet** gjennomfører sine møter som telefonmøter kl. 08.15 – 09.00, i forkant av rådets møter og elles når saker oppstår og det er behov for det. Sekretariatet foreslår følgende:

- 24. januar
- 03. mai
- 22. august
- 24. oktober
- 12. desember

### **Tilråding:**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgende vedtak:

Vestlandsrådet si møteplan for 2019:

- Februar: torsdag 28. februar
- Juni: fredag 21. juni
- November: torsdag 14. november

Stad for møta blir å avgjere av Rogaland fylkeskommune, som tek over leiarskapet i Vestlandsrådet i 2019.

Arbeidsutvalet si møteplan for 2019:

- 24. januar
- 03. mai
- 22. august
- 24. oktober
- 12. desember

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

**VR-sak 39/2018: Eventuelt**